

Fjågesund Posten

Nr. 1 mars 2023

BASAR

Palmesondag 2. april kl 13.00

på Fjågesund grendehus

- Sal av lynlodd
- Loddsal og trekking av basarbøker.
- Hovedgevinst gavekort 3000,-
- Sal av kjøtsuppe, kaffi, kaker, pølser, brus

VELKOMEN!

Arr. Fjågesund IL



KNARREN RUNDT 2023

IL Tørn og Fjågesund IL inviterer til turrennet Knarren rundt **skjærtorsdag 6. april**.

Turrenn 11,5 km klassisk stil i variert heiterreng
Start miniknarren kl.12.00 og konkurransekasse
kl.13.00. Full premiering (så langt lageret rekker
og det har aldri gått tomt) Start trimklasse
frå kl.09.00 og utover dagen. Premiering for
trimklasse foregår ved loddtrekning.

GUDSTENESTE

2. påskedag 10. april kl. 11.00

i Fjågesund kyrkje v/ Møyfrid Lunde.

Nattverd.



STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for
laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt
pose, ved innkjørsla di slik at det er lett å finne.
Vi kører rundt og samlar inn:

Tysdag 11. april kl 17.00

DUGNAD RUNDT KYRKJA

Torsdag 27. april kl. 18.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Enkel bevertning.



DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

Onsdag 3. mai kl. 18.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Vasking inne av vindauge o.s.v.

SØPPELPLUKKING/TRIM

Torsdag 4. mai kl. 18.00. Vi møtast på grendehusplassen, og ryddar søppel langs vegen til Fjågesund bru og opp til kyrkja. Ta med hanskars. Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL



Aase

RUSKENAKSJONEN 2023

Mondag 8. mai eller tysdag 9. mai. Sjå annonse i VTB! Renovest IKS set ut container ved **Fjågesund grendehus**. Her kan du som privatperson levere avfall som kjøl/frys, komfyrar, omnar, anna elektrisk materiell, samt møblar og større hushaldsavfall.



UT PÅ TUR 2023

Fjågesund idrettslag har plukka ut fire turmål. Eit kart over turmåla, ruta dit og korleis du registrerer turane dine er snart å finne på fjaagesund.no. Dei som har gått alle 4 turane vert med i trekkinga av ein fin premie. Det vert også trekkt ut ein trøstepremie blandt alle deltakerane.

Du må registrere turane dine før 20. september.
God tur!

17. MAI I FJÅGESUND




Program:

- Tog frå broi kl 12.00
- Festgudsteneste kl 12.30 i Fjågesund kyrkje v/Møyfrid Lunde.

På grendehuset etter messa:

- Kaffi og kaker
- Sal av pølser, brus og is
- Utlodding
- Leikar: luftbørse, pilkast etc. med premiering

Arr. Fjågesund IL



M/S VICTORIA


kjem **tysdag 18. mai**. Båten
passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10.

M/S HENRIK IBSEN

kjem **onsdag 19. mai**, båten passerar
fjågesundbryggja ca. kl 15.10 og vi oppmodar
alle til å helse dei velkomen desse dagane!


SNORKLYPPING!

I månadskiftet mai/juni blir det snorklypping av den opprusta vegen til Fjågesund bryggja. Vi vil gjere stas på elevane som har jobba på vegen, med grilling og servering. Informasjon om arrangementet kjem i postkassene når dato er bestemt.



MØTESTAD FJÅGESUND

I tunet til Aud Turid og Trond blir det også i sommar rigga til salsbod i noko mindre format, i den vesle tømra. Sjå etter når skilta står oppe. Det blir stand for bla. idrettslaget, der det blir sal av lopper, kaffe, is, etc. Har du lopper du vil gje til laget takkar me for det. Det er lagt opp til kontantkasse/VIPPS.



HIPP HURRA!

Bygda får nå endeleg altibox!

Altibox er ein fyrsteklasses leverandør av internett, TV og telefoni, som tilbyr dei raskaste og mest pålitelege tilkoblingane på marknaden. Med Altibox får du tilgang til lynraskt breiband og ei imponerande mengd TV-kanalar og streamingtenester, slik at du kan sjå favorittprogramma dine når som helst. Deira telefonenester er også av høg kvalitet, med klår lyd og stabile tilkoblingar.

Altibox sitt nettverk er pålitelig og har høg kapasitet, noko som betyr at du kan surfe på nettet, sjå på TV og strøyme innhald utan forsinkelsar eller avbrot. Kundeservicen deira er også god, og dei vil alltid vera der for å hjelpe deg dersom du skulle ha nokon spørsmål eller problem.

Det vil vera fri tilkobling for fastbuande i tråd med avtale med Kviteseid Kommune. Dette vil også vera tilfelle for fritidsbustadar der det er enkelt å bygge ut dette samstundes som e-verket legg fram fiber til fastbuande.

Har du/dykk spørsmål, ta kontakt med: kenneth@drangedalkraft.no eller jan.gunnar@dragedalkraft.no eller ring e-verket på 35997000.